Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 | Fylke: Telemark
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vinje
Emne: Ard og plog | Bygdelag: Smørklepp
Oppskr. av: Ketil Rui | Gard: Rui
(adresse): Vinjesvingen | G.nr. 70 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Både ard og plog ~~vart~~ har vore bruka i bygdi. Plogen likevel berre i nyare tid.

2. No er arden ute av bruk. Han vart helst bruka til å brjote åkrane med fyre såingi. Det var sume som köyrde tvo gonger. Den andre gongen gjek tvers av den fyrste krossbrjoten. Kornet vart molda ned med horv. Dei som ikkje hadde hest grov med grev. Likeins vart det korngrove kring stein og langs renar der ein ikkje kom til med ~~hest~~.

3. Arden vart bruka når dei sette jordeple, men han vart aldri bruka til å hyppe med (eller „raüke" som me seier) Det gjorde dei alltid med hand. Raüking med hest har aldri vore nytta her før hestehakka kom.

4. Arden vår.




2841

5. skjeiker av typen 1-2 og fire hev eg aldri sett.

6. Namni på dei ymse delar av ardkrok: styre, veksne og ristill. I skaklane er det skjeiker og håmól

7. Eg hev aldri høyrt at dei hadde meir enn ein ard på garden.

8. Eg trur og hev høyrt at enkelte bruka veltefjøl av tre på arden når dei molda med „egle" liksom det med øyre er meint dei utstandande mothakane på kvar side av veksnet so hadde arden altid stiku.

9. Namnet ard hev aldri vore nytta om nokonslag trow.

10. Gjinget kunde nyttast saka med ristillen

11. Eg kjenner berre til ei type av ard.

12. Ardane vart laga her i bygdi

13. Fabrikkplogen kom etterkvart inn i bygdi frå 1890 åri, men det gjekk lang til fyrr dei var einerådande. Prisen er gløymd.

14-15-16-17-18-19-20-21-22 er ukjent her.
Me nyttar namnet plog både om bakkeplog og plogar med fast veltefjøl. Ved leiten i b. mål ein „are"

2841
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING